



Kyrkjerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 OSLO

Balestrand, 12.05.2015  
Vår sakshandsamar: Jostein Risa  
Vår ref.: 15/00006-003  
Arkivkode: 002  
Gradering: I

## Høyringsfråsegn - «Veivalg for fremtidig kirkeordning»

Balestrand er ein eittsoknskommune og Balestrand sokneråd har såleis både soknerådsfunksjon og fellesrådsfunksjon.

Balestrand sokneråd tok opp høyringa «Veivalg for fremtidig kirkeordning» i møtet 29.april 2015 i sak 007/15. Soknerådet drøfta grunnleggande problemstillingar og valde å fokusere på eit utval av spørsmåla. Det vart røysta over dei viktigaste synspunkta og arbeidsutvalet (AU) fekk fullmakt til å formulere eit endeleg høyringssvar ut frå dette som soknerådsmedlemene så har godkjent før innsending.

### Spørsmål 1) Fordeling av oppgåver og mynde mellom ulike nivå

*Eit samrøystes sokneråd heldt fram at denne høyringa i det heile bør utsetjast til etter at kommunereforma er gjennomført / avklara og at ein bør halde fram med noverande ordning til då. No er det mange usikre moment om kommunestorleik og dermed fellesrådsinndeling slik at det heile tida må takast atterhald og det er vanskeleg å gje presise svar.*

Balestrand sokneråd meiner at noverande ordning fungerer godt. Dersom det skal gjerast endringar bør det vere for å styrke soknet si stilling i praksis i form av meir konkret ansvar (økonomi / tilsetjingar), sjå svar på spørsmål 5-8.

### Spørsmål 2) Finansiering

I dette spørsmålet deler soknerådet Kyrkjerådet si vurdering av at ein kombinasjon av kommunal og statleg finansiering som i dag, er den beste.

### Spørsmål 5) Soknestorleik og sokneinndeling

Balestrand sokneråd er einaste sokneråd i ein kommune med 1306 innbyggjarar og har såleis både soknerådsfunksjon og fellesrådsfunksjon. Vi har gode erfaringar med at fellesrådsfunksjonar ligg hjå soknerådet. Dei folkevalde medlemene opplever å ha reelt mynde og føler det meiningsfullt å ha budsjett- og arbeidsgjevaransvar. Soknerådet får då også reell styring over tilsetjingar, lokale kyrkjebygg og kyrkjegardar og vert ansvarleggjorde. Nærleik til avgjerdene ser vi også att i kommunen sine løyvingar.

Soknerådet ser at Balestrand sokn truleg ligg i nedre grense når det gjeld soknestorleik, men meiner at geografien også må spele inn jf. avstand, fjell og fjordar.

### Spørsmål 6) Organ som representerer soknet

Ut frå spørsmål 5 og 8 kjem Balestrand sokneråd fram til at fleire sokneråd også bør få fellesrådsansvar slik Balestrand sokneråd og ikring 150 andre har det i dag (eittsoknskommunar) og at fellesrådsnivået då ikkje trengst.

### **Spørsmål 7) Nivå for fellesorgan**

Dersom ordninga med to organ skal vidareførast ynskjer Balestrand sokneråd at eit fellesorgan for fleire sokn bør ligge på eit lågast mogeleg nivå - ikkje over kommunenivå. Det vert elles vist til svar på spørsmål 5, 6 og 8.

### **Spørsmål 8) Oppgåvefordeling sokneråd og fellesråd**

Mange seier at soknet bør styrkast utan å konkretisere dette noko særleg. Korleis styrke det demokratisk valde soknerådet i realiteten? Balestrand sokneråd er einaste sokneråd i ein kommune med 1306 innbyggjarar og har såleis både soknerådsfunksjon og fellesrådsfunksjon. At soknerådet har båe desse funksjonane gjer soknet sterkt! Ei styrking av sokna må såleis gje fleire sokn dette myndet.

Balestrand sokneråd har gode erfaringar med at fellesrådsfunksjonar ligg hjå soknerådet. Dei folkevalde medlemene opplever å ha mynde ved å ha budsjett- og arbeidsgjevaransvar. Soknerådet får då også reell styring over tilsetjingar, lokale kyrkjebygg og kyrkjegardar og vert ansvarleggjorde. Nærleik til avgjerdene ser vi også att i kommunen sine løyvingar.

Ut frå dette meiner Balestrand sokneråd at fleire sokneråd av ein viss storleik bør få overført ansvaret som i fleirsoknskommunar i dag ligg hjå fellesrådet. Soknerådet meiner vidare at *soknet* må behalde desse oppgåvene også vidare – uavhengig av framtidig kommunesamanslåing

### **Spørsmål 11) Biskopen si rolle**

Balestrand sokneråd ynskjer no å vidareføre dagens situasjon med to arbeidsgjevarlinjer der biskopen har arbeidsgjevar- og tilsynsansvar for prestane, sjå svar på spørsmål 16. Soknerådet ynskjer samstundes å understreke tilsynsansvaret biskopen har for dei andre kyrkjeleg tilsette.

### **Spørsmål 16) Same arbeidsgjevar for alle tilsette?**

Balestrand sokneråd har skifta syn i høve tidlegare fråsegner og meiner at dagens ordning med to arbeidsgjevarlinjer bør vidareførast, særleg av omsyn til prestane. Prestetenesta står i ei særstilling og Balestrand sokneråd ser verdien av at prestane er tilsette på eit høgare nivå. Dette har mellom anna med presten sitt sjølvstendige ansvar og større tenestemråde å gjere. Balestrand sokneråd har ikkje negative erfaringar med dagens tolinjeordning.

Samstundes ynskjer soknerådet at det vert lagt vert lagt meir vekt på soknet sitt syn ved prestetilsetjingar.

Balestrand sokneråd sluttar seg ikkje til Kyrkjerådet sitt fleirtal for tilsetjing av alle på bispedømerådsnivå. Andre tilsette bør etter Balestrand sokneråd sitt syn tilsetjast i soknet (sjå spm 5-8). Dette har både med lokal finansiering, tilsetjingsmynde og styringsrett å gjere.

Balestrand sokneråd ligg ut frå dette nærast alternativ C av dei Kyrkjerådet stemde over.

For Balestrand sokneråd



Jøstein Risa  
kyrkjeverje / dagleg leiar